ØYGARDEN | Sund ungdomsskule

# KJENNETEIKN PÅ GODT PSYKOSOSIALT SKULEMILJØ VED SUS, PRAKSIS OG TILTAK

Grunnlag: Opplæringslova § 12-2 – Elevane sitt skulemiljø Mål: «Alle elevar har rett til eit trygt og godt skolemiljø som fremjar helse, inkludering, trivsel og læring.» (Opplæringslova §12-2)

| Overgang barneskule - ungdomsskule | Ansvar | Frist |
|---|---|---|
| Informasjon om SUS til nye 8. klassingar ved barneskulane: organisering, fag, retten til eit godt fysisk og psykososialt miljø, praktisering av § 12-2, skapa forventningar hos barneskuleelevane. | Avdelingsleiar 8. trinn | Mai |
| UngMOTivatorar møter dei nye 8. klassingane på barneskulane. Gjennom øvingar, historier, dialog og rollespel blir det sett fokus på å ta eigne val, ta vare på kvarandre og visa mot. | MOT-coachane og ungMOTivatorane | Mai/juni |
| Informasjon om SUS til foreldre/føresette til dei nye 8. klassingane: organisering, fag, retten til eit godt fysisk og psykososialt miljø, praktisering av § 12-4, rettar og plikter | Rektor og avdelingsleiar 8. trinn | Hausten |
| Dei nye 8. klassingane besøker SUS, gjer seg kjend med lokalitetane og blir meir trygge på kva som ventar dei | Avdelingsleiar 8. trinn | Våren |


| Besøksadresse | Postadresse | Konto.nr. | Org.nr. | Telefon | E post |
|---|---|---|---|---|---|
| Øygarden rådhus<br>Foldnesvegen 1<br>5354 STRAUME | Ternholmvegen 2<br>5337 RONG | 1506.24.29981 | 922 53 0890 | 56 16 00 00 | postmottak@oygarden.kommune.no |

| | | |
|---|---|---|
| Klassane blir sett saman  ut frå elevane sine ønskje, så langt det lar seg gjere. Elevane får alltid vera saman med elevar dei kjenner frå før. | Avdelingsleiar 8. trinn i samråd med kontaktlærarane på barneskulane | Juni |

| **Førebygging generelt** | **Ansvar** | **Frist** |
|---|---|---|
| Klassemiljø-timar i kvar klasse annakvar veke heile skuleåret | Kontaktlærarane | Annakvar veke |
| MOT – Skulen som samfunnsbyggar handlar om rektor og skulepersonalet som samfunnsbyggarar og å spreia MOT-filosofien i lokalmiljøet. Målet er å skape eit felles ansvar:<br><br>Forsterka vaksne si felles forståing for at det er viktig å skapa ein kultur der alle er inkludert<br><br>Styrka rektor, skulepersonellet og lokalsamfunnet sine foreldre, trenarar og leiarar som samfunnsbyggjarar<br>Forsterka ein felles verdiplattform i skulen | Rektor<br>Tilsette<br>MOT-coachane | Heile skuleåret |
| MOT – Robust ungdom. Gjennom 14 MOT-økter i løpet av | MOT-coachane | 2 timars økter gjennom |

| | | |
|---|---|---|
| ungdomsskulen er målet å utvikla robuste ungdommar som inkluderer alle. MOT sine verdiar: MOT til å leva, MOT til å bry seg og MOT til å seie nei er sentrale i heile MOT sitt program. | | heile skuleløpet |
| MOT i kvardagen:<br>- MOT til å glede-dagen<br>- Ope MOT-rom kvar onsdag i storefri<br>- Aktivitetar<br>- Små oppdrag gjennom året | MOT-coachane<br>UngMOTivatorane<br>Tilsette<br>Elevane | Gjennom skuleåret |

| Relasjon lærar-elev, lærar-gruppe/klasse | Ansvar | Frist |
|---|---|---|
| Læraren opptrer som tydeleg vaksen. Han/ho viser tydeleg kor grensene går og viser nulltoleranse i høve mobbing. | Lærarane | Kontinuerleg |
| Læraren har tydeleg struktur på undervisninga og formidlar tydelege mål for elevane. | | |
| Læraren gir konstruktive tilbakemeldingar sosialt og fagleg og innarbeider skulereglane og klassereglane grundig i klassen. | | |

| | | |
|---|---|---|
| Læraren byggjer opp positiv relasjon til alle elevane, viser dei omsorg og støtte og bryr seg om og ser dei. Han/ho stiller rettferdige krav til elevane, rosar og korrigerer ut frå kjende og faste normer i klassen. | | |
| Læraren skaper motivasjon og engasjement for læring og god sjølvkjensle hos elevane. Han/ho skapar tillit og tryggleik rundt seg gjennom relasjon og samarbeid. | | |
| Kontaktlærar tek opp tema om mobbing i klassemiljø-timane og informerer om korleis mobbing kan føregå, korleis ein opplever det å bli mobba og at mobbaren og tek skade av å mobba. Det blir også tatt opp andre tema som gjeld korleis ein skal vera saman for at alle skal ha eit trygt og godt skulemiljø. | | Annakvar veke gjennom skuleåret |
| Kontaktlærar gjennomfører elevsamtale to gonger i året der m.a. mobbing og det psykososiale miljøet blir vektlagt. Lærar nyttar mal utarbeidd for samtalen. | | I løpet av oktober/november og mars/april |
| Gjennomgang av skulereglane samt konsekvensar ved brot på desse. | | Ved oppstart og gjennom skuleåret ved behov |

| Besøksadresse | Postadresse | Konto.nr. | Org.nr. | Telefon | E post |
|---|---|---|---|---|---|
| Øygarden rådhus<br>Foldnesvegen 1<br>5354 STRAUME | Ternholmvegen 2<br>5337 RONG | 1506.24.29981 | 922 53 0890 | 56 16 00 00 | postmottak@oygarden.kommune.no |

| Relasjon mellom elevane | Ansvar | Frist |
|---|---|---|
| Elevane viser omsorg og respekt for kvarandre slik at alle opplever tryggleik og trivsel på skulen. | Alle elevar | Kvar dag gjennom skuleåret |
| Elevane er samarbeids- og lærevillige, kreative og engasjerte. | | |
| Elevane følgjer skulereglane og viser god folkeskikk. | | |
| Elevane aksepterer at elevar er ulike og hjelper og støttar kvarandre | | |
| Elevane er høflege og inkluderande og tar sterk avstand frå vold, hærverk, mobbing, rasistiske og krenkjande utsegn eller handlingar. | | |
| Elevane er gode ambassadørar for MOT og Stolte unge strilar som bryr seg om kvarandre. | | |

**Besøksadresse**
Øygarden rådhus
Foldnesvegen 1
5354 STRAUME

**Postadresse**
Ternholmvegen 2
5337 RONG

**Konto.nr.**
1506.24.29981

**Org.nr.**
922 53 0890

**Telefon**
56 16 00 00

**E post**
postmottak@oygarden.kommune.no

Sund ungdomsskule

| Samarbeid skule-heim | Ansvar | Frist |
| --- | --- | --- |
| Relasjonen mellom kontaktlærar/lærar og foreldre/føresette er prega av tillit, samarbeidsvilje og respekt for kvarandre. Forholdet er ope og venleg i høve eleven sin faglege og sosiale utvikling. | Kontaktlærar<br>Foreldre/føresette | Gjennom heile skuleåret |
| Lærar og foreldre/føresette formidlar dei same forventningane til elevane. | | |
| Kontaktlærar/lærar og foreldre/føresette blir samde om dei same grensene for mobbing og asosial åtferd. | | |
| Kontaktlærar og foreldre/føresette gjennomfører utviklingssamtale to gongar i året og nyttar mal utarbeidd for samtalen. | Kontaktlærar<br>Foreldre/føresette | Oktober/november og mars/april |
| Foreldre/føresette blir orientert om §12-4 i Opplæringslova og om skulen sin plan for elevane sitt psykososiale skulemiljø på felles klasseforeldremøte for for  alle trinn i august/september. Elevmiljøet på trinnet skal og vera ei sak på foreldremøtet. | Rektor | Juni og september |
| Foreldre/føresette tek kontakt med kontaktlærar og motsett når noko bør orienterast om, på telefon eller i Vigilo. | Kontaktlærar<br>Foreldre/føresette | Gjennom skuleåret |
| FAU og SU har medlemmar som aktivt medverkar til eit godt og trygt | Rektor | Gjennom skuleåret |

| | | |
|---|---|---|
| skulemiljø. | Medlemmer | |

# HANDLINGSPLAN MOT MOBBING

| Avdekking av mobbing | Ansvar | Frist |
|---|---|---|
| Mobbing som fast tema på alle trinn/alle klassar i klassemiljøtimane | Kontaktlærarane | Annakvar veke gjennom skuleåret |
| Elevsamtalen to gongar i året der skulemiljøet (mobbing) også er eit tema | Kontaktlærarane<br>Elevane | Oktober/november og mars/april |
| Utviklingssamtale to gongar i året der skulemiljøet (mobbing) også er eit tema | Kontaktlærarane<br>Foreldre/føresette | September/oktober/ november og mars/april |
| Observasjonar i timar og friminutt. | Alle tilsette | Heile skuleåret |
| Inspeksjon i friminutta etter inspeksjonsplan med systematisk loggføring av uønska eller bekymringsfulle hendingar. | Alle tilsette | Heile skuleåret |

| | | |
|---|---|---|
| Elevundersøkinga frå Udir kvar haust. | Rektor<br>Avdelingsleiarane<br>Kontaktlærarane | Haust |

| Aktivitetsplikt | Ansvar | Frist |
|---|---|---|
| Alle tilsette ved skulen skal:<br>• Følgja med på kva som skjer på skulen.<br>• Gripa inn omgåande og stoppa uakseptable/uønska hendingar.<br>• Melda frå til rektor viss dei ser/mistenkjer at ein elev ikkje har det trygt og godt.<br>• Melda frå til rektor viss ein tilsett utøver vald, mobbar eller trakasserer elevar.<br>• Undersøkja straks viss dei ser/mistenkjer at ein elev ikkje har det trygt og godt. | Alle tilsette | Heile skuleåret |

Sund ungdomsskule

| Tiltaksplikt - aktivitetsplan | Ansvar | Frist |
|---|---|---|
| Viss ein elev seier eller viss ei undersøking viser at ein elev ikkje har det trygt og godt, pliktar skulen å setja inn eigna og lovlege tiltak som er heimla i skulereglementet. Involverte elevar skal bli høyrde, og kva som er best for elevane skal vera eit grunnleggjande omsyn i skulen sitt arbeid. Skulen skal laga ein skriftleg plan (aktivitetsplan) når det skal gjerast tiltak i ei sak. | Rektor<br>Avdelingsleiarane i samarbeid med kontaktlærarane | Heile skuleåret |
| I planen skal det stå:<br>• Kva problem tiltaka skal løysa<br>• Kva tiltak skulen har planlagt<br>• Når tiltaka skal gjennomførast<br>• Kven som er ansvarleg for gjennomføringa av tiltaka<br>• Når tiltaka skal evaluerast<br>NB! Saka er løyst når eleven igjen har det trygt og godt på skulen! | | |

| Dokumentasjonsplikt | Ansvar | Frist |
|---|---|---|
| Skulen må dokumentera skriftleg kva dei gjer for å sørga for at elevar har det trygt og godt på skulen – Plan for elevane sitt psykososiale | Rektor<br>Avdelingsleiarane | |

**Besøksadresse** Øygarden rådhus Foldnesvegen 1 5354 STRAUME
**Postadresse** Ternholmvegen 2 5337 RONG
**Konto.nr.** 1506.24.29981
**Org.nr.** 922 53 0890
**Telefon** 56 16 00 00
**E post** postmottak@oygarden.kommune.no

| | | |
|---|---|---|
| skulemiljø (denne plan) og aktivitetsplanar i enkeltsaker.<br><br>Dokumentasjonen skal sikra at:<br>• Elevar og foreldre kan sjå at skulen tek saka deira på alvor, og at dei forpliktar seg til å hjelpa eleven.<br>• Statsforvaltaren raskt kan få oversikt viss saka blir sendt der.<br>• Saka er tilstrekkeleg opplyst ved eventuelle tilsyn, erstatnings- eller straffesaker. | | |

| Saksgang ved mobbing | Ansvar | Frist |
|---|---|---|
| Mistanke om eller melding om mobbing.<br>• Tilsett som får kunnskap eller mistanke om mobbing, skal snarast undersøkja saka og melda frå til skuleleiinga munnleg og deretter skriftleg ved å fylla ut varslingsskjemaet (undersøking og meldingsplikt)<br>• Viss det er naudsynt og mogleg, skal den tilsette gripa direkte inn (handlingsplikt).<br>• Skuleleiinga handterer saka vidare jf. saksgang nedanfor. | Tilsett som får mistanke<br>Støtte:<br>Kontaktlærar<br>Avdelingsleiar<br>Rektor | Omgåande |

| | | |
|---|---|---|
| Foreldre eller elevar gir skulen melding om at mobbing skjer:<br>• Skulen fyller ut registreringsskjema og undersøkjer saka.<br>• Rektor eller avdelingsleiar drøftar forholdet – aktivitetsplan blir laga.<br>• Det blir tatt avgjersle om eleven sin rett etter §12-2 er oppfylt og alvorsgrad og evt. tiltak blir vurdert. | Kontaktlærar<br>Avdelingsleiar<br>Rektor | Omgåande |
| Samtale med mobbeutsatt og mobbar/iverksetjing av tiltak/info foreldre:<br>• Når skulen har fått avklart at mobbing skjer, må ein straks gå vidare med å stoppe mobbinga: Først må det snakkast med mobbeutsatt, deretter mobbaren (mobbarane) - STOPPSAMTALE og evt. vitne<br>• Foreldre til begge partar blir informert/involvert.<br>• Aktivitetsplan blir skriven og sett i verk snarast råd. | Kontaktlærar<br>Avdelingsleiar<br>Rektor | Omgåande |
| Oppfølging av mobbeutsatt/ evaluering av tiltaka:<br>• Mobbeutsatt skal følgjast tett opp.<br>• Ein evaluerer tiltaka til avtalt dato | Kontaktlærar<br>Avdelingsleiar<br>Rektor | Avtalt dato |
| Klagerett:<br>• Viss foreldra eller eleven ikkje er nøgd med tiltaka, har dei høve til å klaga. | Foreldre<br>Kontaktlærar<br>Avdelingsleiar | |

| | | |
|---|---|---|
| • Skulen må vurdera saka på nytt og evt. setja i gang ytterlegare/andre tiltak. Foreldre og elev blir involvert i denne prosessen | Rektor | |
| Viss mobbinga framleis ikkje stoppar:<br>• Skulen må arbeida vidare med saka i samarbeid med foreldra. Evt. trekkja inn andre instansar – PPT, Beredskapsteam for psykososialt arbeid i Øygarden kommune.<br>• Nye tiltak blir utarbeidd og sett i verk. | Foreldre<br>Kontaktlærar<br>Avdelingsleiar<br>Rektor | Omgåande utan ugrunna opphald |
| Oppfølging og tiltak/evt. ny klage til skulen<br>• Viss elev eller foreldre framleis ikkje er nøgd med utviklinga i saka eller tiltaka, kan dei senda klage til skulen.<br>• Skulen må vurdera og evt. setja i verk nye tiltak og førebu saka til fylkesmannen i samråd med skuleeigar.<br>• Viss saka er tatt opp med rektor, og viss skulen ikkje har sett i verk tiltak innan fristen, kan foreldra klaga direkte til Statsforvaltaren. | Foreldre<br>Avdelingsleiar<br>Rektor | Heile skuleåret |

Sund ungdomsskule

| Evaluering av planen | Ansvar | Frist |
|---|---|---|
| Planen blir evaluert og justert etter behov på bakgrunn av endringar/erfaringar som blir gjort gjennom skuleåret. | Alle tilsette<br>Elevrådet, FAU/SU | Ved behov |

| Stad og dato - oppretta/oppdatert: | Av kven: |
|---|---|
| Sund ungdomsskule, 12.08.2024 | Anne Hufthammer, rektor |